

# Forskrift om godtgjersle for kommunale ombod i Valle kommune

Fastsett av kommunestyret i Valle kommune d. 20.03.2024 med heimel i lov 22. juni 2018 nr 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommuneloven) §§8-3, 8-4, 8-6, 8-7, 8-8, 8-9 og 8-10

## §1 Formål

Forskrifta skal legge til rette for ei brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogleg for alle å delta i lokalpolitikken. Forskrifta tar sikte på å yte ein rimeleg kompensasjon for den arbeidsinnsats som vert ytt av medlemmer/varamedlemmer av kommunen sine politiske organ, samt å dekke reelle utgifter som er knytt til tillitsvervet.

## §2 Kven forskrifta gjeld for

Reglementet omfattar samtlege medlemmer og varamedlemmer av fylgjande kommunale politiske organ:

- a) kommunestyret
- b) formannskapet
- c) levekår, plan og miljøutvalet og kontrollutvalet
- d) andre styre, råd, utval og komitear oppnemnde av kommunestyret eller av hovudutval i medhald av delegert mynde frå kommunestyret

## §3 Kva tid gjeld forskrifta

- a) ordinære møte: Godtgjering etter dette reglement blir gitt for ordinære møte i det organ vedkomande er vald inn i. Dette gjeld og synfaringar og andre samlingar det samla organ føretek som ledd i si ordinære verksemd
- b) representasjon utanom ordinære møte: Enkeltmedlem/varamedlem av kommunale politiske organ som blir pålagt av kommunestyre, formannskap, ordførar eller hovudutval å representere kommunen utanom ordinære møte, har krav på reisegodtgjering samt erstatning for tapt arbeidsinntekt, etter denne forskrifta. Det blir ikkje ytt møtegodtgjering i desse høve. I dei høva der det samla politiske organ blir oppmoda av ordførar eller leiar av utval til å delta på møte, t.d. orienterings-, folke-, og informasjonsmøte, blir det ytt møtegodtgjering og evt. reisegodtgjering og erstatning for tapt arbeidsinntekt

## §4 Rett til dekking av utgifter til reise-, kost- og overnatting

Medlemmer av kommunale styre, råd og utval har i samband med reiser som er naudsynte for vervet krav på reisegodtgjering etter dei til ei kvar tid gjeldande satsar og regulativ.

Reise-, kost- og overnattingsutgifter blir utbetalt etter levert reiserekning med vedlagde kvitteringar.

## §5 Erstatning for tapt inntekt som følge av vervet

Valde representantar har rett til dekking av legitimerede tap i ordinær arbeidsinntekt og andre legitimerede utgifter som utøvinga av vervet gjer nødvendig.

- a) legitimert tapt arbeidsforteneste blir utbetalt etter lengda på møtet og reise til/frå arbeidsstad/heim, med beløp inntil kr 3 000. Timegodtgjering blir å rekne som 1/7,5-del av dagsatsen.
- b) lønsmottakarar må dokumentere legitimert tapt arbeidsinntekt med erklæring frå arbeidsgjevar.
- c) sjølvstendig næringsdrivande må levere næringsoppgåve og utskrift av likning for siste kjente likningsår. Beløpet som blir nytta som grunnlag er driftsresultatet på næringsoppgåva.
- d) sjølvstendig næringsdrivande må dokumentere at dei har eit reelt inntektstap når dei er på kveldsmøte for å få utbetalt tapt arbeidsforteneste.
- e) andre legitimerede ekstraavgifter blir dekkja. Døme på dette er kvittering for ekstra utgifter til barnepass

## §6 Møtegodtgjeringar for styre, råd og utval

Møtegodtgjering vert kun gitt for plenumsmøte og plenumssynfaringar.

For deltaking i kurs, seminar, foredrag, konferansar og møte som blir haldne av andre, blir det i utgangspunktet ikkje gitt møtegodtgjering. Sjå elles §3 punkt a

Kommunale arbeidstakarar som møter i kommunale styre, råd og utval som representantar for dei tilsette eller deira organisasjon har rett på møtegodtgjering når møte blir haldne utanom arbeidstakaren si arbeidstid.

Når ein representant deltek i fleire møte same dag, blir det utbetalt møtegodtgjering for kvart møte med unntak av administrasjonsutval/formannskap, og i dei tilfelle formannskapet har møte før kommunestyret og alle sakene i formannskapet skal opp i kommunestyret.

- a) medlemmer av kommunestyret får ei møtegodtgjering på kr. 1500 pr. møte
- b) medlemmer av formannskapet får ei møtegodtgjering på kr. 1500 pr. møte
- c) medlemmer av andre levekårutvalet, Plan og miljøutvalet og kontrollutval får ei møtegodtgjering på kr. 1500 pr. møte.
- d) Medlemmer av andre kommunale styre, råd og utval får ei møtegodtgjering på kr. 900 pr. møte
- e) varamedlemmer som deltek i enkeltsaker i delar av eit møte får ei halv møtegodtgjering, dvs halv sats for det styre, råd og utval dei representerer

## §7 Faste godtgjeringar

- a) **ordførar:** Godtgjering til ordførar er 1/1 stilling, og 90% av til ei kvar tid gjeldande godtgjering til stortingsrepresentantar. Ordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjering, fast godtgjering og erstatning for tapt arbeidsforteneste. Medlemskap i KLP
- b) **varaordførar:** Godtgjering til varaordførar blir 15% av 90% av til ei kvar tid gjeldande godtgjering til stortingsrepresentantar. Varaordførar får ikkje utbetalt møtegodtgjering, men

får erstatning for tapt arbeidsforteneste i samsvar med forskrift.

- c) **leiarer i hovudutval:** 10% av 90% av til ei kvar tid gjeldande godtgjering til stortingsrepresentantar. Leiar får ikkje utbetalt møtegodtgjering, men får erstatning for tapt arbeidsforteneste i samsvar med forskrift
- d) **leiarer i kontrollutval:** Fast årleg godtgjering lik 1,5% av fast årleg godtgjering til stortingsrepresentantar. Møtegodtgjering og tapt arbeidsforteneste i samsvar med forskrift.
- e) **leiarane i andre kommunale styre, råd og utval:** Leiarane i andre kommunale styre, råd og utval som ikkje er nemnde under §7 punkt c får ei møtegodtgjering som er 1,5 gonger vanleg møtegodtgjering. Når andre fungerer som leiar av eit utval, får vedkomande godtgjering som er 1,5 gonger møtegodtgjering

## §8 Fellesbestemmelsar

- a) etter avtale kan ein få utbetalt månadleg tilgodebeløp, elles utbetaling 2 gonger kvart år, juli og desember
- b) utvalsekretær for dei ulike utvala registerer møte i sakshandsamingssystemet for utbetaling av møtegodtgjering. Ved møte utanom den vedtekne møteplanen har medlemmene sjølve ansvar for å levere skjema for møtegodtgjering for utbetaling
- c) medlemmene har ansvar for å levere skjema for tapt arbeidsforteneste med nødvendig dokumentasjon, samt reiserekning. Frist for innlevering vert utlyst årleg.

## § 9 Ettergodtgjering til folkevalde som har vervet som «hovudstilling»

Ordførar har etter søknad rett til ettergodtgjering i 3 mnd. etter fråtrede frå vervet dersom han/ho ikkje har arbeid å gå til. Etterlønna pr. månad skal vere på same nivå som ordførargodtgjeringa pr. månad.

Retten til godtgjering skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde frivillig avstår frå. Sjå elles kommunelova § 8-6.

## § 10 Rett til sjukepengar til folkevalde som har vervet som «hovudstilling»

Folkevalde som har vervet som si hovudstilling har same rettar til sjukepengar som tilsette i kommunen jf. § 8-8 i kommunelova

## § 11 Rettar ved yrkesskade for folkevalde som har vervet som «hovudstilling»

Folkevalde som har vervet som si hovudstilling, har same rettar til ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen jf. § 8-9 i kommunelova.

## § 12 Permisjonsrettar for folkevalde som har vervet som «hovudstilling»

Folkevalde som har vervet som si hovudstilling, har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljøloven § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15. Dette jf. § 8-10 i kommunelova.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjeringa i inntil to veker, med mindre han/ho gjer avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn- og barnepassers sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjeringa etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

### § 13 Pensjonsordning

Ordfører har rett til pensjon i tråd med den ordinære tenestepensjonsordninga for dei tilsette.

### §14 Endringar i reglementet

Reglementet for godtgjering blir tatt opp i starten av kvar kommunestyreperiode. Eventuelle endringar må bli handsama i samband med sak om budsjett. Endringar skal gjelde frå 1.1. i kalenderåret.

### §15 Tvist om forståing av regulativet

Krav om godtgjering og/eller erstatning som vert framsett, og som administrasjonen ikkje finn utan vidare å kunne godkjenne, blir lagt fram for formannskapet til endeleg avgjerd.

### §16 Forskrifta tek til å gjelde:

Forskrifta trer i kraft 1.1.2024